

55(481)
N/284

NGU



Norges geologiske
undersøkelse

Nr. 284

Skrifter 2

Knut Åm: Om bruk av magnetometri
ved oljeleiting

STATENS TEKNOLOGISKE INSTITUTT

Universitetsforlaget 1973
Trondheim · Oslo · Bergen · Tromsø



NGU

Norges geologiske undersøkelse

Geological Survey of Norway

Norges geologiske undersøkelse, Leiv Eirikssons vei 39, Trondheim. Telefon (075) 20166.
Postadresse: Postboks 3006, 7001 Trondheim.

Administrerende direktør: *Karl Ingvaldsen*

Geologisk avdeling: Direktør dr. philos. *Peter Padget*

Geofysisk avdeling: Direktør *Inge Aalstad*

Kjemisk avdeling: Direktør *Aslak Kvalheim*

Publikasjoner fra *Norges geologiske undersøkelse* utgis som bind med fortlopende hovednummerering, og deles inn i to serier, Bulletins og Skrifter.

Bulletins omfatter vitenskapelige arbeider over regionale, generelle eller spesialiserte emner av faglig interesse.

Skrifter omfatter beskrivende artikler og rapporter over regionale, tekniske, økonomiske, naturfaglige og andre geologiske emner av spesialisert eller allmenn interesse. Skrifter utgis på norsk, med resymé på engelsk (Abstract).

REDAKTØR

Statsgeolog Tore Torske, Norges geologiske undersøkelse, postboks 3006, 7001, Trondheim.

UTGIVER

Universitetsforlaget, Postboks 307, Blindern, Oslo 3

MANUSKRIPTER — SÆRTRYKK

Alle henvendelser vedrørende godtatte manuskripter, bestilling av særtrykk, osv. sendes til Universitetsforlaget, Kontoret; Trondheim, Munkegt. 8, 7000 Trondheim.

FORRETNINGSADRESSE

Henvendelser angående abonnement sendes til Universitetsforlaget, Postboks 307, Blindern, Oslo 3.

Om bruk av magnetometri ved oljeleiting

55(481)

N

14494

KNUT ÅM

Am, K. 1973: On the use of magnetics in prospecting for oil. *Norges geol Unders.* 284, 1—45.

The present paper is intended as an elementary introduction for students to the subject of (aero)magnetic prospecting for oil. It covers briefly the following subjects: Magnetism, the geomagnetic field, magnetic anomalies, aeromagnetic instrumentation, -measurements and -processing, shipborne measurements, and qualitative and quantitative interpretation of magnetic data, with special emphasis on the quantitative part.

K. Am, Norges geologiske undersøkelse, Box 3006, N-7001 Trondheim, Norway.

INNHOLD

Forord	1
Innleiing	2
Magnetisme	3
Det jordmagnetiske feltet	8
Primerfeltet	9
Sekundærfeltet	13
Magnetiske anomaliar	15
Aeromagnetiske målingar	19
Instrumentering	19
Måling	22
Bearbeiding	25
Skipsmagnetiske målingar	27
Kvalitativ tolking	28
Kvantitativ tolking	31
Teori	33
Praksis	39
Eksempel	41
Etterord	44
Litteratur	45

Forord

Dette er ei bearbeidd utgåve av ein 6 timars forelesingsserie som forfattaren heldt ved Universitetet i Oslo våren 1972. Forelesingane er i første rekke utarbeidde med tanke på hovedfagsstudentar, men opplegget er så elementært at også andre vil kunne ha glede av stoffet. Direktør Inge Aalstad, som har gått kritisk gjennom manuskriptet, har gjort mykje til å gi det ei klarare framstilling. Den som er interessert i utfyllande stoff, bør lese Nettletons (1971) vesle bok om emnet.

Innleiing

Geofysikk er den delen av eksperimentalfysikken som studerer dei fysiske tilhøva i og nærmast omkring jorda vår. Det er ein allsidig vitenskap som gjerne blir rekna for å omfatte fag som Seismologi, Vulkanologi, Geodesi, Oseanografi, Hydrologi, Meteorologi, Ionosfærefysikk, Geomagnetisme, -elektrisitet og -termometri. Den delen av geofysikken som steller med sjøve jorda utan hydrosfæren og atmosfæren, blir ofte samla under namnet «den faste jords fysikk», og refererer seg då helst til store strukturar og djupare deler av jorda. Sjøl om dei grip sterkt over i kvarandre, kan vi seie at «anvendt geofysikk» er den delen av den faste jords fysikk som har med praktisk-geologiske problem, eller kanskje rettare, med økonomisk utnytting av kloden å gjere.

Den anvendte geofysikken blir i første rekke brukt til å finne olje og andre mineralske råstoff i den tilgjengelege delen av jordskorpa. Han blir gjerne delt i Elektriske, Elektromagnetiske, Gravimetriske, Magnetiske, Radiometriske, Seismiske og Termiske metodar. Den eldste av desse metodane er magnetometriien. Alt for fleire hundre år sidan vart det første geofysiske instrumentet — kompasset — brukt til å finne jernmalmar, og mot slutten av 1800-talet tok ein nøyaktige magnetometer i bruk ved systematisk jernmalmleiting. Rundt århundreskiftet kom fleire geofysiske metodar til, og anvendt geofysikk vart etter kvart ein viktig og sjøsagt reiskap både ved malmleiting og oljeleiting.

I malmleiting kan malmen ofte påvisast direkte ved geofysiske målingar fordi han har ein eller fleire fysiske eigenskapar som skil seg frå eigen-skapane til sideberget. Då økonomiske malmforekomstar er etter måten små og sjeldne, er det ikkje alltid så lett å vite kor ein skal måle for å finne malm. Ved storstila regionalprospektering vil ein derfor først og fremst sjå etter område med geologiske miljø og strukturar som er gunstige sett frå malmgeologisk synsstad. Også her har geofysiske metodar, særleg dei som kan brukast frå fly, vist seg å vere effektive, og geofysiske metodar er såleis i bruk på alle stadier i eit malmleitingsprogram.

Ein oljeforekomst har ingen fysiske eigenskapar som lar seg påvise direkte ved geofysiske metodar. Geofysisk oljeleiting er derfor indirekte og innretta mot gunstige miljø og strukturar som kan ha gitt opphav til oljefeller. Som kjent vil oljen alltid opptre i store uomvandla sedimentasjonsbasseng i jordskorpa, og det første steget i oljeleitinga er derfor lokalisering og grovkartlegging av slike basseng. Deretter kjem den meir eller mindre grundige leitinga etter mulege oljefeller, og til slutt boringa som kan avgjere om ein viss struktur forer olje. Den naturlege gangen i eit slikt oljeleitingsprogram er at ein startar med billege og raske metodar slik at ein kan undersøke svære område fort og effektivt utan særleg store utlegg. Viser det seg så at dei grunnleggande foresetnadene for olje er til stades, vil det vere rimeleg å satse på meir detaljerte undersøkingar med dyrare og meir kompliserte metodar.

Av geofysiske arbeidsmåtar er det fire som er nesten einerådande ved oljeleiting: Gravimetri og Magnetometri (ca. 5 %), Refraksjonsseismikk (ca. 5 %) og Refleksjonsseismikk (ca. 90 %). Når det gjeld pris pr. arealeining for slike geofysiske undersøkingar, kan vi som ein grov regel seie at gravimetri er 10 gonger og seismikk 100 gonger så dyrt som magnetometri. I undersøkingstid er det også eit liknande forhold mellom magnetometri og dei andre metodane fordi magnetometermålingane kan gjerast kontinuerlig frå fly. Når så aeromagnetiske målingar attpå til har vist seg å vere svært effektive ved rekognosering i geologisk ukjende (og «kjende») område, skjonar vi korfor slike målingar er eit svært viktig hjelpemiddel på eit tidleg stadium i eit oljeleittingsprogram. I tillegg til aeromagnetiske målingar blir det så langt ein rekk også gjort rekognoserande gravimetriske og refraksjonsseismiske målingar. Etter denne innleiande fasen er refleksjonsseismiske målingar nesten einerådande, mens detaljerte magnetiske, gravimetriske og refraksjonsseismiske målingar berre blir brukt for å løse heilt spesielle problem. Det finst likevel tilfelle der ein av dei andre metodane, på grunn av spesielle forhold, har overtatt refleksjonsseismikkens rolle. Det er såleis på ingen måte sikkert at det vanlege mønstret bør folgjast slavisk, og det kan lone seg å halde augene opne for alternative opplegg.

Vi skal sjå litt nærmere på kva magnetometrien kan bidra med i eit oljeleittingsprogram. Först skal vi ta for oss det fysiske og geologiske grunnlaget for metoden, og deretter korleis aeromagnetiske målingar og bearbeidinga av desse blir gjort. Til slutt skal vi sjå på grunnlaget for ei effektiv geologisk tolking av magnetiske data og dessutan korleis tolkingsarbeidet blir gjort i praksis.

Magnetisme

Ein magnet har alltid to polar, ein nordpol og ein sørpol, der all magnetismen synest å vere samla. Dersom vi lar ein avlang magnet svinge fritt om ein vertikal akse (kompass), så vil magneten stille seg om lag nord-sør og alltid med same enden mot nord. Den enden som peikar mot nord blir derfor kalla nordpol og den som peikar mot sør for sørpol. Ein slik magnet omgir seg med eit kraftfelt eller magnetfelt, som ofte blir illustrert ved hjelp av kraftlinjer. Retningen på kraftlinjene viser kva retning magnetfeltet har i eit visst punkt, og konsentrasjonen av kraftlinjer viser kor sterkt dette feltet er. Pr. definisjon har nordpolen positiv magnetisme, medan den magnetiske massen i sørpolen er negativ. Kraftlinjene går frå + til -, og dei strålar derfor alltid ut frå nordpolen på jakt etter sin betre halvdel — sørpolen. I geofysikken blir eininga Gauss brukt på magnetisk feltstyrke medan fysikerane helst kallar denne eininga for Ørsted. I anvendt geofysikk er det vanleg å bruke den langt mindre eininga gamma (γ) som er 10^{-5} Gauss, dvs. at $100000\gamma = 1$ Gauss.

Vi kan studere feltet rundt *ein* magnetpol ved å bruke ein magnet som er så lang at den andre polen vil vere utan innvirkning. Det viser seg då at




Fig. 1. Feltet langs ein dipol.

kraftlinjene strålar radielt ut frå polen, og at feltstyrken F i ein avstand r frå ein magnetpol med styrke m er: $F = \frac{m}{r^2}$

La oss f. eks. bruke dette til å sjå på feltet rundt ein liten magnet eller ein såkalla dipol.

Feltet langs dipolaksen ($F_{||}$)

Med symbola i Fig. 1 får vi:

$$F = m/(r-l)^2 + (-m)/(r+l)^2 = 4mrl/(r^2-l^2)^2$$

Vi kallar $M = 2ml$ for magnetisk moment, og når $l^2 \ll r^2$ får vi:

$$F_{||} = 2M/r^3 \text{ i ein avstand } r \text{ langs dipolaksen.}$$

Feltet loddrett dipolen (F_{\perp})

Med symbola i Fig. 2 får vi:




Fig. 2. Feltet loddrett ein dipol.




Fig. 3. Feltet i vilkårlig stilling rundt ein dipol.

$$F_N = |F_s| = m/(r^2 + l^2)$$

$$F = F_N \cdot 2l/(r^2 + l^2)^{1/2} = 2ml/(r^2 + l^2)^{3/2} = M/(r^2 + l^2)^{3/2}$$

Med $l^2 \ll r^2$ blir

$F_{\perp} = M/r^3$ i ein avstand r loddrett dipolaksen.

Generelt tilfelle

Det generelle uttrykket for styrken og retningen på feltet i ein avstand r frå sentrum langs ei linje som dannar vinkelen φ med dipolaksen, kan f.eks. finnast svært enkelt dersom vi dekomponerer det magnetiske momentet (sjå Fig. 3). Dette gir

$$F_{\varphi_{||}} = (2M/r^3) \cos \varphi$$

$$F_{\varphi_{\perp}} = (M/r^3) \sin \varphi$$

for feltkomponentane i ein avstand r frå dipolen.

Ein del stoff har den eigenskapen at dei blir sterkt påvirka av eit magnetfelt. Dersom vi plasserer eit slikt magnetiserbart stoff i eit magnetfelt med ein viss styrke H , så vil det i dette stoffet bli indusert ei magnetisering I (magnetisk moment pr. volumeining) som er proporsjonal med det induser-




Fig. 4. Indusert magnetisering (I) som funksjon av induserende felt (H).

andre feltet og har same retning som dette. Proporsjonalitetsfaktoren (μ) er ein materialkonstant som viser kor lett materialet lar seg magnetisere. Han blir kalla magnetisk susceptibilitet eller magnetiserbarhet. Fig. 4 viser den induserte magnetiseringa (I) som funksjon av det induserande feltet (H). Vi ser at likninga

$$\vec{I} = \mu \cdot \vec{H}$$

gjeld berre for svake felt. Vi ser også at det er grenser for kor mykje magnetisering vi kan indusere i eit stoff for det oppstår ein metningstilstand (I_s).

No viser det seg at dersom vi fjernar det induserande feltet, så vil ikkje magnetiseringa følge den same kurva tilbake, men alltid ligge over denne slik at det framleis er ei restmagnetisering att når det induserande feltet er helt borte. I Fig. 5 ser vi dette illustrert. Den restmagnetiseringa som er att (I_r) kallar vi den remanente magnetiseringa eller berre remanensen. Den




Fig. 5. Indusert magnetisering (I) som funksjon av induserende felt (H) ved aukande og minkande H.




Fig. 6. Susceptibilitet (χ) som funksjon av temperatur (T).

evna eit stoff har til å halde på slik remanent magnetisering kallar vi koersitivkrafta, og vi definerer henne som det «negative» feltet (H_c) som skal til for å fjerne remanensen. Remanent magnetisering vil vi også få om vi lar eit magnetiserbart stoff ligge i eit konstant magnetfelt i lengre tid.


Dersom vi varmar opp eit magnetiserbart stoff, vil susceptibiliteten auke ein del, før så å avta brått til null. Over ein viss temperatur (Curiepunktet) er altså stoffet ikkje lenger magnetiserbart. Dette er vist i Fig. 6. Dersom vi avkjøler eit slikt stoff i eit magnetfelt, så viser det seg at stoffet får ei sterkt remanent magnetisering etter at ein har passert Curiepunktet. Denne remanensen (såkalla termoremanens) vil vere proporsjonal med magnetfeltet og nokelunde proporsjonal med koersitivkrafta til materialet, og han vil vere parallel med det ytre feltet. Styrken kan vere mange gonger så stor som tilsvarende indusert magnetisering ved romtemperatur. Det finst også ein del andre måtar eit magnetiserbart stoff kan få ei remanent magnetisering på, men vi skal ikkje bry oss med det her.

Dei fenomena vi har snakka om kan forklaraast på ein enkel måte ved hjelp av domeneteorien. I sterkt forenkla form seier denne teorien at alle magnetiserbare stoff er bygde opp av små magnetar, domener eller elementæragnetar, som kan rotere om ein akse men som elles ikkje kan flytte på seg. Når desse elementæragnetane er heilt vilkårleg orienterte, vil kraftfelta rundt dei oppheve kvarandre slik at stoffet er umagnetisk. Set vi stoffet i eit magnetfelt, vil elementæragnetane prove å innordne seg langs feltet slik at det blir overskot av magnetisme i endane og vi får danna magnetpolar. Susceptibiliteten er altså eit uttrykk for kor lett det er å få små-magnetane til å rette seg inn langs feltet. Når alle magnetane er heilt innretta langs feltet, er vi ikkje i stand til å få materialet meir magnetisk om vi aukar feltet aldri så mykje. Vi har metning. Slår vi av det magnetiserande feltet, vil elementæragnetane ha funne seg til rette i si nye stilling, og berre motvillig vende tilbake til ein uordna tilstand. Dette forklarer remanensfenomenet, og motstanden som elementæragnetane viser mot å la seg

uordne att, blir då koersitivkrafta. Ved høgare temperaturar vil det vere lettare å dreie magnetane slik at susceptibiliteten aukar. Men ved oppvarming vil også den termiske energien prove å skape uorden mellom småmagnetane våre, og over ein viss temperatur er vi ikkje i stand til å halde orden i rekkene i det heile tatt. Dette vil vere Curietemperaturen. Ser vi noyare på tilstanden like under Curiepunktet, viser det seg å vere svært lett å rette småmagnetane inn langs feltet, men vi er ikkje i stand til å måle denne høge susceptibiliteten for den termiske energien har skapt nesten fullstendig uorden att. Ved litt lågare temperatur går det lengre tid før den termiske energien greier å øydelegge innordninga, og vi skal ikkje langt ned i temperatur for det tar geologiske tidsrom. Det betyr at om vi avkjøler eit stoff gjennom Curiepunktet i staden for å varme det opp, så vil vi vere i stand til å fryse fast ei sterkt permanent magnetisering som eigentleg var ustabil om vi hadde gitt oss uendeleg god tid. Vi har fått ei termoremanent magnetisering.

Det jordmagnetiske feltet

Jorda omgir seg med eit stabilt magnetfelt, og dette er f.eks. grunnen til at vi kan navigere ved hjelp av kompass. Det jordmagnetiske feltet er eit svært svakt magnetfelt; feltet melom polane i ein vanleg hesteskomagnet vil til dømes vere over 1000 gonger så stort som jordfeltet. Like fullt er dette magnetfeltet som dannar grunnlaget for all magnetometri. Storparten av det jordmagnetiske feltet skriv seg frå det indre av jorda. I tillegg kjem



det eit lite bidrag (eit par %) frå ionosfæren fordi denne rører seg i høve til det indre magnetfeltet. Dette ytre bidraget til primærfeltet, som vi kan kalle det, vil variere med tida alt etter kor elektrisk leiande ionosfæren er. F.eks. vil vi få svært urolege forhold i tider med sterk solflekkaktivitet. Primærfeltet vil dessutan indusere små lokale magnetfelt rundt magnetiserbare kroppar i berggrunnen, og desse sekundære fenomena, som er det vi eigenleg er interesserte i, kan vi kalle for sekundærfeltet.

PRIMÆRFELTET

Vi er først og fremst interesserte i å vite korleis styrken og retningen på jordfeltet varierer frå stad til stad. Fig. 7 viser i grove trekk korleis styrken




Fig. 8. Inklinasjon (i) og deklinasjon (D).

på feltet er ulike stader på jorda. Vi ser at feltet er sterkest i nærleiken av polane (ca. 60000 γ), og svakast ved ekvator (ca. 30000 γ). Hos oss er feltet ca. 50000 γ. Fig. 8 viser korleis retningen på feltet kan beskrivast ved hjelp av to vinklar. Deklinasjon (D) vil seie avvik frå geografisk nord, og inklinasjon (i) er helling med horisontalplanet. Deklinasjonen, eller misvisinga som det heiter på kartet, vil berre vere nokre få grader og i praksis kan vi seie at magnetfeltet peikar rett mot nord. Inklinasjonen, derimot, vil variere svært mykje med breiddgraden. I Fig. 9 ser vi at jordfeltet peikar oppover sør for ekvator og nedover på den nordlege halvkula. Feltet står vertikalt ved polane og ligg horisontalt ved ekvator. På våre breiddgrader er inklinasjonen ca. 75°. Fig 10 viser eit vertikalsnitt langs magnetfeltet i Trondheim. Oppdelinga i Horisontalfelt og Vertikalfelt er gjort av praktiske grunnar.

Alt dette stemmer i grove trekk med det feltet ein dipol i sentrum av jorda og med akse nokelunde langs rotasjonsaksen, ville gi. Vi hugsar f.eks. at ein dipol gir dobbelt så stor feltstyrke langs dipolaksen som loddrett denne, og det stemmer jo godt med dei ca. 60000 γ og 30000 γ som vi finn ved polane og ved ekvator. Avviket frå eit reint dipolfelt kan best forklaraast ved hjelp av 8–10 mindre magnetar som er plasserte om lag midt mellom




Fig. 9. Inklinasjonen varierer med breiddgraden.





Fig. 10. Magnetfeltet i Trondheim.



jordoverflata og sentrum, det vil seie i nærleiken av overgangen mellom kjerne og mantel (Fig. 11). Der dipolaksen skjer jordoverflata, dvs. der inklinasjonen er $\pm 90^\circ$, har vi magnetisk nordpol og sørpol. Desse polane er doypte i samsvar med dei geografiske polane trass i at retningen på feltet viser oss at ein slik sentral magnet har ein nordpol som peikar mot sør og omvent.

Fig. 11. Snitt gjennom jordkula (Am, 1971).

Fig. 11 viser eit forenkla snitt gjennom jordkula. Ho er bygd opp av ein flytande kjerne som sannsynlegvis er av jern. Utanpå kjernen er det eit fastare skal, den såkalla mantelen, og ytst er det ei ca. 30 km tynn skorpe med lettare bergartar. Dette at det jordmagnetiske feltet kan beskrivast som feltet frå ein uhyre sterk sentral magnet, har ført til at det er vanleg å tru at kjernen er magnetisk fordi han er av jern. Då jern blir umagnetisk ved langt lågare temperaturar enn det er snakk om inne i sentrum av jorda, må dette vere feil. Mykje tyder derimot på at feltet skriv seg frå elektriske

straumar i den flytande og, vel å merke, elektrisk leiande kjernen. Desse straumane får sannsynlegvis energien sin frå radioaktiv spalting, som gir varmeutvikling og massetransport, som i sin tur gir opphav til dei elektriske straumane i kjernen. Kjernen kan også vere ein sjolvdreven dynamo, som produserer det jordmagnetiske feltet. Dei mindre magnetane på overgangen mellom flytande kjerne og fast mantel kan forklaraast som eit resultat av meir lokal massetransport, som skriv seg frå friksjon mellom kjerne og mantel.

Dersom vi mäter magnetfeltet kontinuerleg på ein plass over lengre tid vil vi finne at feltet varierer med tida. Først og fremst har vi regelmessige variasjonar som vil endre seg med periodar på ca. 1 døgn, 1 månad, 1 år, 11 år. Endringane vil avhenge av kor på jorda målingane blir gjort, og hos oss vil det vere snakk om nokre titals gamma på dei tre første. I tillegg til desse periodiske variasjonane har vi uregelmessige variasjonar som kan opptre svært brått og ha amplityder på fleire hundre gamma. Heldigvis opptrer slike «magnetiske uvær» helst om natta mellom klokka 18 og 6.

Alle dei variasjonane som er nemnde, skriv seg frå elektriske straumar i ionosfæren. Forutan desse endringane har vi også tegn som tyder på langt




Fig. 12. Anomali i jordfeltet på grunn av sekundær magnetisering (Jensen, 1961).

større variasjonar i tidlegare tider. Paleomagnetiske studier av remanensretningar i bergartar av ulike aldrar viser f.eks. at magnetpolane må ha flytta seg i høve til landmassene (eller omvendt), og at magnetfeltet dessutan må ha skifta polaritet med visse mellomrom (eit par mill. år), det vil med andre ord seie at nordpol og sørpol har bytta plass. Desse variasjonane har ingen ting med ionosfæren å gjere, men må ha si årsak i fundamentale prosessar i kjernen.

SEKUNDÆRFELTET

Dersom det finst magnetiserbare stoff i eit magnetfelt som jordfeltet, så vil desse stoffa bli magnetiske (magnetiserte) og omgi seg med private små magnetfelt som vil kome i tillegg til det induserande feltet. Dette er vist i Fig. 12. Som vi hugsar, kan slik sekundær magnetisering vere både indusert og remanent. Den induerte magnetiseringa vil ha same retning som det jordmagnetiske feltet i dag. Den remanente magnetiseringa vil derimot ha ein retning som er avhengig av forhistoria til det magnetiserbare materialet. Ser vi bakover i den geologiske historia, vil vi finne at jordfeltet til sine tider synest å ha hatt heilt andre retningar enn i dag. Korvidt styrken på feltet har vore ein annan veit vi lite om. Når vi dessutan veit at mange bergartar har vore utsette for høge temperaturar og at somme til og med er danna frå smelteknande tilstand, skjonar vi at det kan finnast magnetiske stoff i berggrunnen som har restar av ei gammal (termo)remanent magnetisering med ein heilt annan styrke og retning enn den induerte magnetiseringa frå vår tids jordfelt. Den totale magnetiseringa som bestemmer det sekundære feltet, vil vere vektorsummen av remanent og indusert magnetisering. Dette er illustrert i Fig. 13. Forholdet mellom remanent og indusert magnetisering ($Q = I_r/I_i$) blir kalla Königsbergers forhold.

La oss sjå litt nærmare på kva slag magnetiserbare stoff som finst i berggrunnen og som dermed er utsette for induksjon i det jordmagnetiske feltet. Vi veit at primærfeltet, bortsett frå eit varierande bidrag frå ionosfæren, skriv seg frå den flytande kjernen. I mantelen har vi ingen magnetiske stoff då temperaturen ligg over Curiepunktet for alle aktuelle stoff. Forst i skorpa og den aller øvste delen av mantelen er temperaturen under 4–600 ° C, som er vilkåret for at magnetiske stoff skal kunne eksistere. Her er vi i den heldige stillinga at det berre finst eitt einaste vanleg mineral som har hog magnetisk susceptibilitet. Det er mineraltet MAGNETITT (Fe_3O_4), som er eit aksessorisk mineral i svært mange bergartar. Vanlegvis har ikkje mineraltet magnetitt særleg hog koersitivkraft eller evne til å halde på remanent magnetisering. Men i visse tilfelle, når han opptrer i svært små korn og spesielt når han opptrer i lag med mineral i Hematitt-Ilmenitt serien (Fe_2O_3 – $FeTiO_3$), vil magnetitten kunne ha svært hog koersitivkraft og dermed hog remanens. I slike samanhengar er det ikkje uvanleg med Q-verdiar av storleiksordenen 10–100. Heldigvis viser det seg i praksis at den induerte magnetiseringa er så godt som einerådande, og at remanent magnetisering berre




Fig. 13. Den totale magnetiseringa (I) er vektorsummen av remanent (I_r) og indusert (I_i) magnetisering.

spelar ei rolle i reine unntakstilfelle. Vi kan såleis forenkle heile problemet og seie at avvik i primærfeltet vil skrive seg frå susceptibilitetsvariasjonar i jordskorpa. Slike variasjonar vil vere knytte til eitt einaste mineral, nemleg mineralet MAGNETITT. For dei fleste formål vil følgjande samanheng mellom magnetisk susceptibilitet (χ) og volumdel magnetitt (v) i ein bergart vere god nok:

$$\chi = 0,25 \cdot v + v^2$$

For bergartar med små magnetittinnhald (<10 %) vil denne samanhengen vere noklunde lineær, og det er vanleg å bruke likninga

$$\chi = 0,3 \cdot v$$

Vi kan såleis konkludere med at dersom vi gjer ei detaljert oppmåling av magnetfeltet, vil vi, avhengig av magnetittinnhaldet i berggrunnen, finne større eller mindre avvik frå det normale eller primære feltet på staden. Slike avvik frå det normale kallar vi anomaliar. Problemet er berre å definere kva som er normalt. Grunnen til dette er at vi ikkje kan måle primærfeltet og sekundærfeltet kvar for seg, men berre summen av desse. I prak-

sis mäter ein magnetfeltet over store område for deretter å jamne ut det mälte feltet. Det utjamna feltet blir kalla normalfelt (primärfelt) medan det som er jamna bort blir kalla anomalifelt eller residualfelt (sekundärfelt). I Fig. 14 ser vi ei konturering av det normale jordfeltet over Skandinavia for 1965. (Feltet aukar no med ca. 30 γ pr. år.) Dette såkalla normalfeltet er berre ei utjamning av det mälte feltet, som er vist i sterkt forenkla form i Fig. 15. Ved mindre flyhøgd og meir detaljert måling vil det vere langt fleire anomaliar.




Fig. 14. Magnetisk normalfelt for Skandinavia (1965) med konturavstand 500 γ . (Dominion Observatory.)



Fig. 15. Magnetisk totalfelt over Skandinavia med konturavstand 250 γ . Målingane er gjort i 3000 m flyhøgd og med 40 km profilavstand. (Dominion Observatory.)

MAGNETISKE ANOMALIAR

Anomalifeltet for eit område er samansett av anomaliar av mange slag, som oftast med amplityper på under 1000 γ . Vi kan ha alt frå store regionale anomaliar som dekker heile området, til små lokale anomaliar som berre dekker nokre få kvadratmeter. Vi skjonar såleis at det som er anomaliar i ein mälestokk vil kunne te seg som ein del av normalfeltet eller berre vere uinteressant støy i ein annan mälestokk. Anomaliomgrepet er med andre ord sterkt avhengig av den mälestokken vi arbeider i. La oss illustrere dette med eit lite eksempel: I Fig. 16 ser vi eit magnetisk kart over Sørlandet i liten mälestokk (1/300000). Avstanden mellom kotene er 100 γ , og normalfeltet er ca. 49300 γ . Vi legg f. eks. med ein gong merke til den store runde anomalien på over 1000 γ . Inne i denne anomalien ser vi massevis av mindre anomaliar som berre tener til å øydelegge inntrykket av den store. I denne sammenhengen er altså dei små anomaliane berre støy. Ser vi derimot på ein del av den store anomalien i 5 gonger så stor mälestokk (Fig. 17), er det dei små anomaliane som dominerer. Den store anomalien har berre lofta normal-



Fig. 16. Magnetfeltet over ein del av Serlandskysten i målestokk 1 : 300000. Konturavstanden er 100γ . (Norges geologiske undersøkelse.)

feltet litt opp i det området vi studerer. Slike lokale «normalfelt» kallar vi regionalfelt.

Etter dette kan vi gi følgjande definisjon på magnetiske anomaliar: *Magnetiske anomaliar er slike avvik frå det regionale magnetfeltet som har interesse for oss i den målestokk vi arbeider.*

Den teoretiske anomalien frå ein viss geologisk kropp kan vi i prinsippet finne ved å summere bidraga frå alle volumelementa (dipolane) i kroppen.




Fig. 17. Utsnitt av Fig. 16 i målestokk 1 : 60000 (Norges geologiske undersøkelse.)




Fig. 18. Magnettfeltet rundt ei magnetisert kule.

Matematisk kjem vi fort opp i vanskar, sjøl med former som er etter måten enkle, men dette treng vi ikkje bry oss med her. For å få ei første peiling på korleis magnetiske anomaliar ser ut, særleg korleis anomaliane varierer med inklinasjonsvinkel, magnetiseringskontrast og djup, skal vi sjå på den teoretiske totalfeltanomalien (ΔT) frå ei kule som er magnetisert ved induksjon i jordfeltet. Ei slik kule vil gi same anomali som ein dipol i sentrum av kula, og vi kan såleis bruke dei enkle likningane vi har uteidd tidlegare. Vi ser på eit N—S profil over sentrum av kula. Frå Fig. 18 og det vi har uteidd tidlegare, kan vi sette opp:

$$\Delta T = Fq_{\parallel} \cdot \cos q - Fq_{\perp} \cdot \sin q = (M/r^3) \cdot (3\cos^2 q - 1)$$

$$\cos q = (x \cos i - d \sin i)/r$$

Dette gir

$$\Delta T = [M/(x^2 + d^2)^{5/2}] \cdot [(3\cos^2 i - 1)x^2 + (3\sin^2 i - 1)d^2 - 6xd\cos i \cdot \sin i]$$

Denne formelen viser at forma på anomalien frå ei slik kule må vere sterkt avhengig av inklinasjonen, og at magnetiseringsintensiteten berre virkar inn på styrken (amplituden) til anomalien. Vi ser dessutan at vi kan skalere alle lengder med djupet som eining ved å dele med d^5 både over og under brøkstrekken (M inneheld R^3). Breidda på anomalien er såleis direkte proporsjonal med djupet. Fig. 19 viser korleis anomaliane langs eit N—S profil varierer med inklinasjonen (breiddgraden), og Fig. 20 viser eit kotekart av ein av anomaliane.





Fig. 19. Totalfeltanomaliar langs N—S profil over ein dipol for ulike inklinasjoner på det induserande feltet.

Fig. 20. Totalfeltanomalien over ein dipol på våre breiddegrader.



Aeromagnetiske målingar

Magnetometri vil seie måling av magnetfelt. Den første tida gjekk all magnetometri for seg på bakken, og målingane vart gjort med såkalla mekaniske instrument. Slike instrument inneheld alle ein magnetstav som kan dreie seg om ein akse, og vinkelutslaget vil vere eit mål for kor stort magnetfelt som virkar loddrett på aksane. Ved nøyaktig orientering målte desse instrumenta ein viss komponent av det jordmagnetiske feltet (f, eks. vertikalfeltet) med ei nøyaktighet på 5 — 10%, og dei er no vidareutvikla til å greie ca. 1%.

Under krigen vart det utvikla elektroniske magnetometer utan mekaniske deler som ville bli påvirkta av rorsle (akselerasjon). Like etter krigen kunne det derfor settast i gang storstila magnetiske undersøkingar frå fly. På grunn av den farten flymålingar kan gjerast med, er aeromagnetiske målingar så godt som einerådande i dag. Berre ved heilt spesielle og svært detaljerte arbeid vil bakkemålingar kome på tale.

INSTRUMENTERING

Vi skal sjå litt nærmere på dei elektroniske magnetometra, men utan å gå så langt djupt inn i konstruksjon og virkemåte.

Fluxgatemagnetometret var det første effektive magnetometret som vart brukt ved flymålingar. Det mäter variasjonar i magnetfeltet langs målespolen, og er såleis sterkt avhengig av ei nøyaktig orientering. Ved flymålingar mäter det variasjonar i totalfeltet, kontinuerleg og med ei nøyaktighet på ca. 1%.

Magnetometret er enkelt sagt ein transformator med ein kjerne som har så høg magnetisk susceptibilitet at han vil vere like ved metningstilstanden




Fig. 21. Prinsippskisse for fluxgatemagnetometret.

i eit så svakt magnetfelt som jordfeltet. La oss tenkje oss at vi sender ein vekselstraum med ein viss frekvens gjennom primærspolen. Denne vekselstraumen vil indusere ei vekslande magnetisering i kjernen som vil gi opphav til eit magnetfelt som prover å motvirke den påtrykte spenninga, og vi får ein straum i sekundærspolen med same frekvens som i primærspolen. Der som det i tillegg virkar eit konstant magnetfelt (likefelt) langs spolen fører det til at kjernen oppnår metning når straumen går ein veg, mens han vil vere langt frå metning når straumen går den andre vegen. Dette vil forandre forma på den vekselstraumen som blir indusert i sekundærspolen, og sekundærstraumen vil innehalde straum med fleire frekvensar. Det kan visast at den delen av straumen som har dobbelt så stor frekvens som primærstrauen, vil ha ei spenning som er direkte proporsjonal med det ytre feltet, og denne eigenskapen blir brukt for å måle magnetfeltet. (Fig. 21.)

Fluxgatemagnetometret mäter styrken på magnetfeltet langs spolen, og det må derfor orienterast i ein viss retning for å kunne måle ein viss komponent. Ved flymålinger blir tre spolar stilte loddrett kvarandre. To av spolane ligg i eit plan som kan dreia om to aksar, og spolane dirigerer små motorar som ved hjelp av mekaniske overføringer sorger for å dreie bordet slik at begge spolane gir nullavlesing. Det betyr at dei to spolane står loddrett jordfeltet, og den tredje spolen, som er målespolen, må derfor vere innstilt langs feltet.

Kjernespin eller Protonmagnetometret er det magnetometret som er mest brukt i dag. Det mäter absoluttverdien til totalfeltet utan at instrumentet treng å være nøyaktig orientert. Ei viss orientering må likevel til for å få signalet sterkt nok til at det kan lesast. Instrumentet mäter magnetfeltet diskontinuerleg, f.eks. to gonger i sekundet, og det kan ha ei nøyaktighet på ca. 1/10 γ.

Sjølve instrumentet er enkelt sagt ei flaske vatn med ein straumspole rundt. Det bygger på at ein proton kan sjåast på som ein liten magnet som roterer rundt seg sjøl og såleis har eit magnetisk moment langs rotasjonsaksen. I eit magnetfelt vil protonen rette seg inn langs feltet, og i ei flaske med vatn vil såleis protonane (hydrogenkjernene) til vanleg vere innretta langs det jordmagnetiske feltet. Dersom vi får eit kraftig magnetfelt på tvers av jordfeltet, vil protonane rette seg inn langs dette feltet. Når feltet blir slått av, vil protonane dreie seg tilbake i jordfeltets retning. Men heilt

enkelt for ein stakkars roterande proton er det ikkje å kome seg tilbake på plass. På grunn av rotasjonen (spinnnet) rundt aksen, vil han oppføre seg på same måten som ein snurrebass. Han vil med andre ord få ein presesjon omkring jordfeltretningen. Denne presesjonen vil ha ein frekvens som er direkte proporsjonal med styrken på magnetfeltenet (jordfeltet), og om vi kunne måle presesjonsfrekvensen, ville vi altså samtidig få verdien på jordfeltet. Då protanene er magnetiske, vil dei inducere ein straum med same frakvens som presesjonsfrekvensen i spolen rundt flaska, og ved å måle denne frekvensen finn ein magnetfeltet. I praksis blir målespolen også brukt til å produsere det avvikande magnetfeltenet.

Elektronspinn eller Alkalimagnetometret er ein nykomar som registrerer




Fig. 22. Grunnlaget for elektronspinnmagnetometret. (Bloom, 1960.)




Fig. 23. Prinsippskisse for elektronspinnmagnetometret. (Bloom, 1960.)

absoluttverdien på magnetfeltet, kontinuerleg og med ei nøyaktighet på bort imot $1/100 \gamma$. Sensoren er avhengig av ei viss orientering, men orienteringa er ikkje så kritisk som for fluxgatemagnetometret.

Instrumentet bygger på at ein elektron på same måten som ein proton, kan sjåast på som ein liten magnet som roterer rundt seg sjøl (samtidig som han roterer rundt kjernen). I eit magnetfelt vil elektronen såleis rette seg inn langs feltet, og som med protonmagnetometret finn ein magnetfeltet ved å māle presesjonsfrekvensen. Dessverre er den energien som er knytt til elektronpresesjonen så forsvinnande liten at han ikkje kan oppdagast utan vidare, så det må geniale kunstgrep til for å få målt han. Genistreken ligg i at ein māler presesjonsfrekvensen («magnetisk resonansfrekvens») i damp frå alkalimetall (Rb eller Cs) ved hjelp av såkalla «optisk pumping».

Vi skal prove å forklare māleprinsippet utan å kome nærare inn på kva optisk pumping er for noke. La oss sjå kva som hender når vi sender sirkulaert polarisert lys, dvs. lys som «roterer» rundt seg sjøl, gjennom ein damp. Elektronane i dampen oppfører seg som små roterande magnetar, og er altså innretta langs det jordmagnetiske feltet slik at alle elektronane roterer same veggen. Hvis lyset roterer same veg som elektronane, vil det sleppe uhindra gjennom dampen. Dersom det roterer motsett veg, vil det derimot ikkje sleppe gjennom. Om vi lar lyset gå på tvers av magnetfeltet og vi set på eit vekslende magnetfelt, (også på tvers), vil elektronane prove å følge dette feltet. Dei vil såleis vipse att og fram, og vekselvis rotere mot og med lyset og dermed sleppe lyset meir eller mindre gjennom (sjå Fig. 22). Den blinkinga som oppstår på denne måten, kan vi observere med ei fotoselle bak dampen. Når vekselfeltet passerer null, vil elektronane prove å stille seg inn langs jordfelten att, og dei vil presesere rundt jordfeltnettingen med ein frekvens som er proporsjonal med jordfelten. Frekvensen på blinkinga vil såleis ligge ein stad mellom presesjonsfrekvensen og frekvensen til vekselfeltet. Dersom vi lar det elektriske signalet frå fotosella produsere det vekslende magnetfeltet, får vi derfor etter kort tid eit signal med ein frekvens lik presesjonsfrekvensen (resonans). Ved å māle denne frekvensen finn vi styrken på magnetfeltet. Māleprinsippet er vist i Fig. 23.

MALING

Ved såkalla aeromagnetiske mālingar tar vi med oss magnetometret opp i eit fly. Sensoren blir plassert i eit rør nokre meter bak flyet (Fig. 24), eller i ei «bombe» som blir slept i ein kabel under flyet. Dette blir gjort for å unngå det sterke magnetfeltet frå flymotorane og deler av flykroppen. Sen-



Fig. 24. Fly med haleror. Magnetometersensoren er plassert i enden av det ca. 5 m lange røret.

soren vil som oftast vere eit protonmagnetometer eller eit anna elektrisk instrument som måler variasjonar i totalfeltet med ei noyaktighet $<1\%$. Signalet er elektrisk og blir overført til avlesingsinstrumentet inne i flyet ved hjelp av ein kabel. Med ein fart på ca. 250km/t og måling 1 gong pr. sek. blir det ca. 75 m mellom målepunkta. For å kunne registrere dette svære talmaterialet på ein oversiktileg måte blir det kobla ein skrivar til magnetometret. Vi får såleis skreve ut magnetfeltet som ei kurve i staden for som tal. Det er dessutan digital utgang på instrumenta, og digital registrering er no svært vanleg. Det vil seie at i tillegg til skrivarregistreringane, som blir kalla «analogoppptak», blir magnetometeravlesingane lagra på magnetband saman med navigasjonsopplysninga og liknande.

Før ein går i gang med å måle eit område bestemmer ein seg for korleis området skal dekkast. Ved oljeprospektering er ikkje flyhogda særleg kritisk for resultatet. Det vanlege er å fly i konstant barometrisk høgd og så lågt som topografien tillet. Over sjøen flyr ein gjerne i ca. 500 m høgd. Flylinjene blir helst lagt loddrett eit eventuelt geologisk strok i området. Kor godt eit område skal dekkast, dvs. kor stor avstand ei skal ha mellom flylinjene, vil som oftast bli eit kompromiss mellom kostnad og ønske om å måle så tett som råd. Ved rekognosering i fullstendig ukjende område kan det vere lurt med nokre få profil i første omgang for å finne ut kva slag anomaliar ein kan vente seg. For samtidig å få ei peiling på detaljane kan ein fly to eller tre profil svært tett, og så ha stor avstand til neste «band». Som ein god regel ved meir detaljerte målingar kan vi seie at avstanden mellom flylinjene bør vere mindre enn det doble av avstanden ned til det ein er ute etter å kartlegge. Det er derfor svært sjeldan at det blir aktuelt å fly med mindre




Fig. 25. Dei instrumenta NGU har i flyet ved aeromagnetiske målingar. Til venstre ser vi bandspelar (oppe i venstre hjørne) og styreeining for digital registrering, til høgre deccaklokker, skrivar og magnetometer (rada heilt til høgre), og på golvet står kamera og sensor (protonmagnetometer).

avstand enn 1 km. Som ein praktisk handregel kan vi seie at det bør vere ca. 1 cm mellom flylinjene i den målestokken vi arbeider.

Ei magnetisk måling vil ha liten eller ingen verdi dersom vi ikkje kan stadfeste målepunktet nøyaktig. Med visse mellomrom (f. eks. 2 sekund) blir det derfor tatt eit bilde av bakken, og bildenummeret blir registrert både på filmen og på opptaksrullen saman med magnetometerutslaget. Over sjø og snodekte område er denne metoden lite tenleg, og ein brukar då gjerne eit elektronisk navigasjonssystem som f.eks. Loran eller Decca, i staden for fotografering av bakken. I det siste har også Doppler navigasjon vore mykje brukt, særleg fordi ein ikkje er avhengig av bakkestasjonar. Dessverre er ikkje metoden særleg god over sjø. I Fig. 25 ser vi dei instrumenta som NGU har i flyet ved aeromagnetiske målingar.

Mens vi mäter eit område vil det kunne vere alvorlege variasjonar i magnetfeltet, både lang- og kortperiodiske. For å få same referansenivå på alle profila legg vi derfor kontrolllinjer på tvers av den vanlege profilretningen. Eit slikt tverrprofil tar så kort tid at vi kan gå ut frå at magnetfeltet har vore konstant, og det er såleis muleg å korrigere avvik i magnetfeltet i kryssingane med dei andre profila. Det vanlege har vore å ha ca. 10 gonger så stor avstand mellom tverrprofila som mellom flylinjene. Ved svært nøyaktige undersokingar er ein avhengig av ein betre kontroll med dei daglege variasjonane, og dette har ført til at ein heller brukar meir kvadratiske nett, som gir fleire kontrollpunkt med same arealdekning. Dessutan vil ein ved aeromagnetiske målingar alltid ha eit stasjonært magnetometer i eller i nærleiken av det området som blir målt. Dette blir i hovedsaka brukt til varsling slik

at ein kan unngå å måle på dagar med stor magnetisk uro. Ein del selskap hevdar at dei brukar registreringane frå stasjonsmagnetometer til å *fjerne* daglege variasjonar frå opptaka. Dette er dessverre reklame som har heller lite med realitetane å gjere. Den vanlege framgangsmåten er som nemnt ovafor.

Ved såkalla «high sensitivity» målingar (ca. 1/10 γ) vil ein vere interessert i å spandere tid og pengar på ein langt betre kontroll med dei daglege variasjonane i magnetfeltet. Dette blir gjort ved pinleg nøyaktig navigering og høgdekontroll slik at skjeringspunktet mellom flylinjene kan fastleggast nøyaktig. Noken fullkommen kontroll med variasjonane, særleg dei med kort bolgjelengd, vil ikkje dette gi. Det kan derfor kome på tale å måle ein gradient i tillegg til totalfeltet. Dette blir gjort ved at ein sleper to magnetometer etter flyet med ein vertikal avstand på nærmere 100 m. Differansen mellom avlesingane på dei to instrumenta gir vertikalgradienten, som vil vere fri for daglege variasjonar. (Det er utviklinga av alkalimagnetometra som har gjort det muleg å måle gradienten nøyaktig nok.) Anomaliar i totalfeltet som ikkje opptrer i gradienten, vil då sannsynlegvis vere eit resultat av daglege variasjonar, og dei kan sløyfast i den vidare behandlinga.

BEARBEIDING

Etter at målingane i eit område er avslutta, blir resultata bearbeidde og framstilte på ein oversiktleg måte. Vi skal følge den manuelle gangen i ei slik behandling, men samtidig ha klart for oss at dette arbeidet svært ofte blir gjort (halv)automatisk i datamaskin. Det er meininga at Fig. 26 skal illustrere arbeidsgangen.

Først blir filmrullane grundig studerte. Nummer på bilde av landskapsformer som kan kjennast att på det topografiske kartet blir «plotta», dvs. merka av på kartet. Deretter tar ein for seg opptakstullane og gjer magnetfeltkurvene om til tal. Denne operasjonen blir kalla «strimmelskriving». For å sleppe å lese av fleire verdiar enn nødvendig, blir det til at ein berre merkar av punkt med f.eks. 5 eller 10 γ mellomrom. (I Fig. 26 er det brukt 25 γ). Magnetfeltverdiane kan så forast over på rett plass på kartet. Etter at alle profila er forte over på kartet på denne måten og avvika på grunn av daglege variasjonar er fjerna, drar ein såkalla isoanomalikurver eller koter i talmaterialet (Fig. 17). Dette er berre eit fint ord for linjer som går gjennom punkt med same styrke på magnetfeltet.

Konturavstanden bor vere den same over heile kartet, men han bør tilpassast anomaliane i området. Ved svært nøyaktige målingar og automatisk konturering er det ikkje uvanleg at koteavstanden er heilt nede i 1 γ . Når anomaliane tillet det hender det til og med at ein går ned til 1/4 γ . Realitten i mange av anomaliane som kjem fram er då heller tvilsam.

Forutan kart over totalfeltet er det også vanleg å framstille residualkart der eit eventuelt normalfelt er fjerna. Som ein grov regel kan vi seie at normalfeltet her til lands stig mot nord med ca. 2 gamma pr. km. Det betyr at på eit vanleg katt i målestokk 1/50000 vil normalfeltet vere berre 50 γ hogare




Fig. 26. Manuell bearbeiding av aeromagnetiske data.

i nord enn i sør. For slike kartblad kan vi derfor rekne normalfeltet som flatt, og det målte feltet vil sjå likeins ut som anomalifeltet. Den einaste skilnaden er at verdiene vil vere ca. 50000γ for store. Ser vi derimot store område som til domes Kontinentalsokkelen under eitt, kan ikkje lenger normalfeltet rekna som flatt. Det er derfor ein fordel å trekke frå normalfeltet slik at vi kan sjå korleis anomalifeltet virkeleg ser ut.

Når magnetfeltet først er målt, finst det mange måtar å behandle det på for å oppnå visse effektar som kan vere til hjelp under tolkingsarbeidet. Vi kan filtrere bort visse typer anomaliar, rekne ut anomalibildet i andre flyhogder, rekne ut gradientar osv.

La oss sjå litt på eit par av desse spesielle bearbeidingsmetodane. Det er f.eks. tilnærma ein samanheng mellom bølgjelengd på ein magnetisk anomali og djupet ned til anomaliansaka. Ein anomali med ei viss bølgjelengd kan ikkje ha ei årsak som ligg djupare enn eit visst maksimum djup (avhengig av bølgjelengda). Spisse anomaliar kan derfor ikkje ha særleg dype årsaker. Breie anomaliar derimot har sannsynlegvis dype årsakar, men det er heller ingenting i vegen for at dei kan vere grunne. Det vil såleis vere ein tendens til at dess større djupet er, dess større er bølgjelengda. Hvis vi vil ta bort anomaliane frå grunne ting, som f.eks. kan vere eruptivt materiale i sedimenta, kan vi tilnærma oppnå dette ved å filtrere bort anomaliar under ei

viss bolgjelengd. Dette er svært nyttig når dei smale anomaliane har store amplityder i høve til dei djupare effektane, som knapt vil vere synlege utan ei filtrering.

Skulle det vise seg at dei grunne effektane ikkje passar for filtrering, dvs. at dei er svært breie i høve til djupet, så kan vi i staden fore feltet opp til eit høgare nivå. Vilkåret for dette er at amplityden til dei grunne effektane stort sett er liten i høve til dei djupare anomaliane. Dei grunne effektane vil svekkast fortare enn dei djupe ved ei oppføring, slik at ein har håp om å bli kvitt dei grunne for dei djupe også blir borte for godt. Slik oppføring er matematisk korrekt fordi feltet er eit potensialfelt og målingane er gjort i eit plan. Vi kan då eksakt rekne ut feltet i kva plan som helst, noke som blir langt billegare enn å māle i fleire hogder. Hvis ein er interessert i å fjerne djupare effektar og få aksentuert dei grunne utsлага, kan ein i staden gå til ein derivasjon, f.eks. utrekning av vertikalgradienten.

Alt dette er prinsipielt enkle operasjonar som kan gjerast på kort tid i datamaskin, eller dei kan gjerast manuelt med mykje strev. La meg berre presisere at same kva slag matematiske krumspring vi gjer med det mālte materialet, så er vi ikkje i stand til å skape ny informasjon. Alt finst i originalopptaka, dvs. det mālte totalfeltet. Det einaste vi kan oppnå er å gjere målingane lettare å lese, og det er sjølsgatt ikkje minst viktig.

Skipsmagnetiske målingar

Skipsmagnetiske målingar er ikkje særleg effektive, og har derfor berre sekundær betydning ved utforsking av sokkelområde. Dersom det finst aeromagnetiske målingar over eit område, har skipsmagnetiske målingar liten eller ingen verdi som supplemann til desse. Derimot har dei sin verdi ved direkte korrelasjon med andre typer målingar frå same toktet. Samtidig med seismiske og gravimetriske målingar frå skip blir det derfor vanlegvis også mālt magnetisk.

For å unngå magnetfeltet frå skipet plasserer ein sensoren i ein «fisk» som bli slept i ein kabel nokre hundre meter bak båten. Eit unntak er den fullstendig umagnetiske sovjetiske seglskuta og forskningsbåten «Zarya», som har sjølve sensoren om bord. Det beste er å bruke magnetometer som ikkje krev nøyaktig orientering, og presesjonsinstrumenta (proton og elektronspinn) er derfor så godt som einerådande i dag.

Av feilkjelder ved marinmagnetiske målingar har ein først og fremst daglege variasjonar i magnetfeltet, og dessutan feltet frå elektriske straumar i sjøen på grunn av bolgjerosler og liknande. I motsetning til ved flymålingar vil dei daglege variasjonane kome sterkt forstyrrande inn fordi målingane tar lengre tid og dessutan går for seg heile dognet (Det er mest magnetisk uro om natta). På grunn av tida vil ikkje kontrollinjer ha særleg verdi. Eit

stasjonsmagnetometer i nærleiken av området vil kunne vere til ei viss hjelp.

Fullstendig fjerning av daglege variasjonar ved hjelp av stasjonsmagnetometer er det derimot ikkje realistisk å tenke seg. Gradientmåling er den einaste måten som gir håp om ein viss kontroll med dei daglege variasjonane. Dessverre er det mange praktiske vanskar som må overvinnast før slike målingar vil rettferdiggjere meirkostnadene. Det blir no lagt ned ein god del arbeid på å løse desse problema.

Fra det som er sagt hittil skjønar vi at det er vanskeleg å framstille nøyaktige magnetiske kotekart på grunnlag av skipsmagnetiske målingar. All tolking blir derfor gjort på dei einskilde profila. Ei tolking av kunstige anomaliar frå daglege variasjonar vil gi heilt fiktive resultat sidan dei ikkje har noka geologisk årsak. Skipsmagnetiske målingar vil ha ei god del slike anomaliar, og tolkingsresultatet kan såleis vere heller usikkert. Det er viktig å vere klar over dette når ein skal bruke resultata for å danne seg eit generelt bilde av området.

Kvalitativ tolking

Magnetiske anomaliar har si årsak i variasjonar i magnetittinhaldet i jordskorpa. Eit magnetisk kotekart uttrykker derfor fordelinga av magnetitt i berggrunnen. No er bergartane klassifiserte etter ei heil rad kriterier som, for å sette det på spissen, stort sett har med farge, lukt og smak å gjere. I alle fall er det ikkje noe petrografisk klassifikasjonssystem som tar omsyn til magnetittinhaldet utan at det tar fullstendig overhand (Magnetittmalm). Ein kan såleis ikkje rekne med som sjølsagt at fordelinga av magnetitt vil følgje vanleg godkjende bergartsklasser. Kor som er, magnetitten er underlagt geologiske lover slik som andre mineral, og eit magnetisk kotekart vil derfor gi nyttige opplysningar om store geologiske trekk. Ved ein enkel, kvalitativ inspeksjon av eit slikt kart lar det seg som oftast gjere å utele fleire nyttige geologiske opplysningar.

Magnetiske anomaliar uttrykker den horisontale utstrekninga til dei geologiske kroppane som gir opphav til anomaliane. Så lenge ein magnetisk kropp er breiare enn djupet ned til toppen av kroppen, vil avstanden mellom vennpunktene på anomalien vere om lag lik breidda på anomaliårsaka. Dette er illustrert i Fig. 27. For avlange anomaliar vil såleis lengdeaksen sannsynlegvis representere strokretninga til bergartane, og alle endringar og brot i anomalimonstret vil kunne vere uttrykk for viktige geologiske strukturar.

Den horisontale breidda på anomaliflankane er eit uttrykk for djupet ned til anomaliårsakene. For å finne dette djupet kan vi såleis studere flankane på anomaliane, nærmare bestemt i det området der kotene ligg tettast. Her har det vist seg at breidda på det «bandet» der kotene ligg om lag like tett som oftast vil vere nokelunde lik djupet. Dette er vist i Fig. 27. Vi vil




Fig. 27. Totalfeltanomali over eit prisme med uendeleg utstrekning mot djupet.

såleis på ein enkel måte vere i stand til f.eks. å sjå om det er store vertikale sprang i området.

Når vi har bestemt breidda (b) og djupet (d) for årsaka til ein avlang anomali, kan vi bruke amplitiden (A) på anomalien til å finne den tilsynelatande susceptibiliteten til anomaliårsaka. Fig. 28 gjeld for eit felt på 50000γ




Fig. 28. Amplitude (A) som funksjon av susceptibilitet (κ) og b/d på våre breiddegrader.

og for anomaliar som er minst 3 gonger så lange som breidda. For runde anomaliar vil ein måtte multiplisere resultatet med 2.

Forma på anomaliane vil variere med breiddegraden, dvs. inklinasjonen til det magnetiserande felter. For ein viss inklinasjon vil anomaliforma vere sterkt avhengig av fallet på anomalårsaka. På våre breiddegrader vil ein vertikal kropp gi eit lite minimum på nordsida av maksimumet. Dersom fallet er mot sør, dess større blir minimumet. Dersom fallet er mot nord vil det derimot utvikle seg eit minimum på sørsida av maksimumet. I Fig. 29 er det vist korleis forholderet mellom minimum (m) og maksimumanomalien (M) varierer med fallet på anomalårsaka på våre breiddegrader.




Fig. 29. Forholdet mellom minimum og maksimum som funksjon av fall på våre breiddegrader.

Kvantitativ tolking

Breidda på ein anomali (bolgjelengda) vil vere avhengig av djupet ned til toppen av anomalihårsaka. Det vil seie at anomalibildet ikkje er det same i ulike flyhogder. Fig. 30 illustrerer korleis anomaliane flyt utover og blir




Fig. 30. Magnetfeltet i to ulike flyhogder.





Fig. 31. Snitt gjennom eit tenkt sedimentasjonsbasseng med aeromagnetisk profil og dei djup som kan finnast ved hjelp av dei magnetiske anomaliane. Den vertikale målestokken er kraftig forstørra. (Åm, 1971.)

breiare ved aukande flyhøgd. Dette betyr at ut frå forma eller den horisontale dimensjonen på anomaliane i eit område, kan vi seie noe om kor djupt det er ned til anomalialsakene. Vi skal sjå litt nærmere på korleis vi kan bruke dette til å kartlegge form og storlek på eventuelle sedimentasjonsbasseng.

Magnetitt, som er opphavet til magnetiske anomaliar, vil ein stort sett berre finne i eruptive og metamorfe bergartar. Det vil seie bergartar som har vore utsatt for høge trykk og/eller temperaturar. Sedimentære bergartar som ikkje har vore utsatt for særleg metamorfose, vil derimot nesten aldri innehalde magnetitt. I eit sedimentasjonsbasseng vil såleis sedimenta vere heilt umagnetiske, og dei kunne derfor like gjerne ha vore luft eller vatn. Det krystalline underlaget, grunnfjellet (basement), inneheld derimot magnetiske så vel som umagnetiske bergartar. Det vil med andre ord seie at alle anomaliane må skrive seg frå grunnfjellet, og at målingane såleis definerer ei geologisk grense som har den aller største interesse for oljeleitinga — nemleg undergrensa for sedimenta. Denne grensa kan vi dessverre ikkje sjå for vi har gjort ei tolking av målingane.

Horisontale magnetiseringskontraster gir ikkje opphav til magnetiske anomaliar, så anomaliane må forklara som laterale variasjonar i magnetittinnhaldet i grunnfjellet. Vi har sett at anomaliane blir meir «utflytande» dess større djup dei skriv seg frå. Det er derfor rimeleg å tru at anomaliar som skriv seg frå djupt nede i grunnfjellet vil vere overskygga av anomaliar frå magnetiseringskontraster som går heilt opp til grunnfjellsoverflata. La oss tenkje oss at vi kan bestemme djupet ned til toppen av den geologiske kroppen som gir ein viss magnetisk anomali. Det vil då seie at vi sannsynlegvis har bestemt eit punkt på grunnfjellsoverflata. Ved å bestemme slike djup på alle anomaliane i området vil vi i så fall kunne få mange punkt på denne overflata, og ved å konturere dei djupa som er funne vil vi få eit bilde av

Fig. 32. Prismemodellen.



form og storleik på sedimentasjonsbassengen. Vi skal no sjå at slike djup virkeleg kan finnast, og at dei er det viktigaste resultat av magnetisk flymåling. Fig. 31 viser eit snitt gjennom eit tenkt sedimentasjonsbasseng med aeromagnetisk profil og dei djup som kan finnast ved hjelp av dei magnetiske anomaliane. Den vertikale månestokken er kraftig forstørra.

TEORI

Anomaliane vil variere ein del etter forma på anomaliårsaka, men for dei aller fleste formål vil det vere godt nok å gå ut frå at anomaliårsaka har form som eit prisme (Fig. 32). Dette er ein fleksibel modell som vil kunne representere alt frå tynne ror til kuler (kuber) og plater. I praksis viser det seg at for vårt formål, som er bestemming av djup ned til toppen av anomaliårsakene, vil det greie seg med to enkle modellar. Prisme som er tjukkare enn djupet ned til toppen kan reknast som om dei hadde uendeleg utstrekning mot djupet, mens prisme som er tynnare enn djupet kan reknast som om dei var uendeleg tynne. Eit eksempel på anomaliar fra desse to modellane er vist i Fig. 33, og Fig. 34 viser kva slag geologiske kroppar eller strukturar modellane representerer. Anomaliane i Fig. 33 er skalerte med magnetiseringa som eining, dvs. at dei framstiller $\Delta T/I$. Då det er svært uvanleg å finne anomaliar over 1000γ ved oljeleitung, viser Fig. 33B at magnetiseringkontrastene stort sett må ligge under 250γ ($\Delta T/I = 4.2$), som svarar til ein susceptibilitet $\chi = 250/50000 = 0.005$ eller nærmere 2% magnetitt. Ein struktur i grunnfjellsoverflata på $1/10$ av djupet vil derfor gi ein anomali på maksimalt 75γ ($\Delta T/I = 0.29$, Fig. 33a). Vanlegvis har grunnfjellet ein langt mindre susceptibilitet slik at strukturar i overflata stort sett vil gi anomaliar på under 10γ .

Dei teoretiske anomaliane til ein bråte med prisme der b/d og l/b varierer, kan ein gong for alle tegnast for alle slag inklinasjonar på det induserande feltet. Ved å samanlikne teoretiske og observerte anomaliar kan ein då finne ut kva slag prisme som har gitt dei observerte anomaliane og kor djupt nede desse prisma må ligge. Vi skal sjå litt nærmere på korleis vi kan samanlikne




Fig. 33. A) Anomalien over ei tynn plate (Andreasen & Zietz, 1969). B) Anomalien over eit vertikalt prisme (Vacquier et.al. 1951). Legg merke til at konturavstanden ikkje er den same i dei to figurane.




Fig. 34. Geologiske prisme og plater.

teoretiske og observerte anomaliar, men først skal vi forenkle prismemodellen litt for å gjøre matematikken enklare.


Dei fleste magnetiske anomaliar vil vere avlange, noe som berre er å vente når ein tenker på at eruptive gangar og metamorfe bergartar alltid har ein utprega strokretning der dimensjonen langs stroket er mykje større enn på tvers. No viser det seg at dersom l/b (og l/d) > 3 , har det ingenting å

Fig. 35. Snitt på tvers av plate-modellen. Plata har uendelig utstrekning langs stroket og mot djupet.

ANOMALIFORM BESTEMT AV

b/d og Θ

$$\Theta = i'_P + i'_F - \delta$$



bety for resultatet om vi seier at desse plateliknande prisma har uendelig utstrekning langs stroket. For ein slik platemodell kan vi noye oss med å sjå på profil loddrett anomalistroket, og vi skal derfor bruke dette spesialtilfellet av prismemodellen til å illustrere tankegangen.

Fig 35 viser eit snitt loddrett platemodellen. Vinklane i'_P og i'_F er magnetiseringsretning og måleretning prosjisert inn i profilplanet. Med symbola i Fig. 35 og origo midt over plata blir likinga for anomalien (ΔF) frå ein slik modell

$$\Delta F = C_F [\operatorname{arctg}((x - b)/d) - \operatorname{arctg}((x + b)/d)] \sin(i'_P + i'_F - \delta) + \frac{1}{2} \cos(i'_P + i'_F - \delta) \cdot (\ln((x - b)^2 + d^2) - \ln((x + b)^2 + d^2))]$$

Dersom vi set $i'_P + i'_F - \delta = \Theta$ og skalerer alle horisontale avstandar med djupet som eining, ser vi at forma på anomaliane frå ein slik modell berre er avhengig av to faktorar: Forholdet b/d og vinkelen Θ . Då magnetiseringa går inn i konstantleddet (C_F) er amplituden avhengig av magnetiseringa.

I Fig. 36 er det vist korleis anomaliane ser ut når Θ og b/d varierer. Alle kurvene er normaliserte til same amplitude og er skalerte med djupet som eining langs profilaksen. På grunn av symmetri vil verdia for Θ mellom 0 og 90° dekke alle tenkjelege anomaliar. Dessutan vil dei fleste anomaliar ha $b/d < 3$, så b/d mellom 0 og 5 skulle greie seg.

Vi tenker oss at vi har målt ein anomali og at vi er interesserte i djupet




Fig. 36. Teoretiske anomaliar over platemodellen for ulike verdiar av b/d og Θ . Alle kurvene er skalerte til same amplitide. (Åm, 1971.)

ned til anomaliårsaka, som vi går ut frå har plateform. Dette kan vi finne ved hjelp av ein djupneparameter, dvs. ei karakteristisk lengd i profilet som ideelt sett er ein funksjon berre av djupet. Det har dessverre vist seg uråd å finne ein helt ideell djupneparameter som kan brukast på alle slag anomaliar. Han vil alltid i større eller mindre grad vere avhengig av dei to plateparametrane (b/d og Θ), som derfor må finnast først. For å finne desse brukar vi to kurveparametrar dvs. to typiske dimensjonslause forhold som enkelt og sikkert kan takast ut av profilet.

Dei teoretiske kurveformene i Fig. 36 kan beskrivast ved hjelp av karakteristiske punkt og avstandar i profilet. Den horisontale avstanden mellom maksimum og minimum er til dømes ei slik karakteristisk lengd. Den horisontale avstanden mellom vendepunktene er ei anna karakteristisk lengd. Felles for begge desse er at dei er skalerte med djupet som eining. Forholdet mellom dei vil derimot vere dimensjonslaust og gjelde for profilet same kva slag eining det er skalert i. Vi har med andre ord ein parameter som ikkje endrar seg med dimensjonen på kurva.

Dersom vi kunne finne to slike karakteristiske parametrar der den eine stort sett berre er avhengig av variasjonar i b/d , mens den andre reflekterer vinkelen Θ , ville alt vere bra. Har vi først to slike kurveparametrar, så kan vi finne dei teoretiske verdiane til desse parametrane for alle tenklelege verdiar av b/d og Θ . Desse verdiane kan vi plotte som to kurvesett, eitt for konstante Θ og det andre for konstante b/d , i eit diagram med dei to kurveparametrane som variable langs aksane.

Eit tenkt tilfelle er vist i Fig. 37. Dette diagrammet med parameterkurver kan så brukast for tolking. Vi har eit målt profil, vi finn verdiane til dei to




Fig. 37. Diagram med «karakteristiske kurver» som viser korleis to tenkte kurveparametar (C_1 og C_2) varierer med plateparametrene b/d og θ . (Åm, 1971.)




Fig. 38. Karakteristiske kurver for plateanomaliar (Åm, 1972).





Fig. 39. Vanleg brukte djupneparametra (Åm, 1971).

Fig. 40. Viser korleis Peters og Sokolovs lengd varierer med b/d og θ (Åm, 1972).

kurveparametrane og set desse inn i diagrammet. Dette gir eit punkt og dermed har vi bestemt b/d og Θ . Deretter kan vi finne djupet ved hjelp av ein høveleg djupneparameter, som vi har framstilt som funksjon av b/d og Θ . Har vi først funne plateparametrane, så går vi berre inn der og finn den faktoren vi må dele djupneparameteren med for å få djupet. Dersom vi også er interesserte i sannsynleg fall på den magnetiske kroppen, kan vi finne det frå likninga $\Theta = i'_p + i'_{p'} - \delta$. Ved flymålingar kan vi som oftast sette $i'_p = i'_{p'} = i'$, som er inklinasjonen på staden projisert inn i profilplanet, og dette gir $\delta = 2i' - \Theta$.

Fig. 38 viser eit diagram med virkelege parameterkurver. Fig. 39 viser nokre vanlege djupneparametrar og Fig. 40 viser korleis to av desse varierer med b/d og Θ .

PRAKSIS

Tolkingsresultatet er sterkt avhengig av forma (særleg flankane) på anomaliane. For å få definert denne så godt som råd vil ein ved tolkinga alltid




Fig. 41. Viser korleis ein ved digital registrering kan sørge for å unngå «step» (Royer et al., 1969).

arbeide direkte på dei mālte profila. Arbeidet kan gjerast direkte på analogopptaka, eller på profil som er tegna automatisk på grunnlag av dei digitale registreringane. Den siste måten har den fordelen at ein unngår hopp eller såkalla «step» (Fig. 41), og at ein kan fjerne regionalfelt og liknande før tolkinga. Då dei mālte profila ikkje alltid går loddrett strøket til ein anomali, må vi korrigere for dette i resultatet ved å multiplisere djupet med cosinus til loddavviket (Fig. 42). Det er også vanleg å trekke frå flyhogda i resultatet slik at alle djupa refererer seg til havflivået.

Nærliggende anomaliar vil flyte meir eller mindre saman og dermed virke inn på forma til kvarandre. Kurveparametrane våre kan vere sterkt påvirkta av slik interferens, og dei vil derfor kunne gi sterkt misvisande resultat. I praksis vil ein velje ut visse gode anomaliar og gi dei spesialbehandling mens




Fig. 42. Resultatet må korrigerast dersom profilet går skeivt over anomalien.

det på resten, dvs. storparten av anomaliane, blir brukt enkle handreglar. Det har f.eks. vist seg at dersom vi deler Sokolovs lengd med 2.0, Peters lengd med 1.5 eller Straight Slope med 0.7, så får vi resultat som er gode nok i praksis. For svært breie anomaliar vil Peters lengd måtte delast med 2.0 mens Straight Slope vil vere om lag lik djupet. At dette virkar så godt i praksis synest å kome av at dei fleste anomaliar vil skrive seg frå blokker med b/d omkring 2. Fig. 40 viser at i dette området vil djupneparametrane vere nesten uavhengige av θ , og at dei vil ha om lag dei verdiane som er nemnt ovafor.

Hittil har vi berre snakka om «intrabasement» eller prismeanomaliar. No vil det vere slik at «suprabasement» eller plateanomaliar i praksis vil ha same form som prismeanomaliane, med unntak av at djupneparametrane vil vere ca. 30% kortare. Om vi tolkar ein slik anomali som om det var ein prismeanomali vil vi med andre ord få for lite djup (eller omvendt). Anomaliar med opp til 75γ styrke kan såleis vere både av prisme og platetypen utan at forma vil avsløre kva slag type det er. I praksis blir dei skilde frå kvarandre ved at ein finn djupet for begge modellane. Den modellen som gir djup som passar best med dei omkringliggende djupa frå sterkare prismeanomaliar, er då sannsynlegvis den rette. Dessverre vil slike anomaliar (gjerne $<10\gamma$) vere superponerte på større anomaliar slik at dei vil gi svært usikre djup. Dermed blir ikkje silinga særleg effektiv.

Når alle tydelege anomaliar er behandla på denne måten kjem neste steg i prosessen: Vurdering av resultata og konturering av grunnfjellsoverflata. Det blir lagt storst vekt på djup som ein meiner er sikre. Slike som avvik alt for mykje frå dei omkringliggende, blir sløyfa. Her kjem det sjølsgatt inn subjektivt skjønn og ei vurdering av kva som er geologisk rimelig. Det kan jo hende at ein del anomaliar skriv seg frå eruptivt materiale i sedimenta eller frå djupt nede i grunnfjellet. Eller det kan hende at tolkingsmodellen vår ikkje er brukande.

Når det gjeld kvaliteten på slike tolkingar kan vi som ein generell handregel seie at dei som oftast vil stemme på ca. 10%.

EKSEMPEL

Som eit lite dome skal her visast ei 10 år gammal tolking frå ein del av eit basseng i Venezuela. Dei som fekk gjort dette arbeidet hadde alt undersøkt området grundig med seismikk og boring, og dei var i grunnen berre interesserte i å vurdere verdien av magnetiske målingar. Registreringane vart derfor sendt til to ulike firma for uavhengig bearbeiding og tolking. Det bør her nemnast at flyginga av ein eller annan grunn var gjort parallelt med stroketretningen slik at tolkingsarbeidet vart mykje meir usikkert enn det burde ha vore.

Fig. 43 viser eit magnetisk residualkart over området med konturavstand 10γ . I Fig. 44 ser vi tolkinga frå eitt av dei to selskapa, og i Fig. 45 ser vi resultatet frå seismikk og boring. Dei to karta stemmer over eins på under





Fig. 43. Magnetisk residualfeltkart med konturavstand 107 (Jacobsen, 1961).



**GENERALISERT BASEMENT KART
MAGNETISK TOLKING**

KONTURAVSTAND 1000 FOT

0 10 20 30 40 50 km

● SANNSYNLEG RELIEFF
— I BASEMENTOVERFLATA

• BORHOL

Fig. 44. Tolking gjort på grunnlag av Fig. 43 og analogopptak (Jacobsen, 1961).




Fig. 45. Resultat av seismikk og boring (Jacobsen, 1961).




Fig. 46. Tolking, også gjort på grunnlag av Fig. 43 med analogopptak (Jacobsen, 1961).

10% når det gjeld konturering av grunnfjellsoverflata. Ved å finstudere magnetometeroppata har ein dessutan provd å antyde mulege strukturar i grunnfjellet. Halvparten av desse viser seg å stemme med påviste strukturar — eit imponerande resultat. Vi kan berre tenkje oss kva som kunne ha vore spart av tid og pengar hvis oljeselskapet hadde hatt den magnetiske tolkinga, og — vel å merke — truud på den, for dei starta med seismikk og boring. Prisen på det første kartet er nemleg berre ein brøkdel av ein prosent av prisen på det siste. I tillegg er det bort imot same forhold i tid for framstilling av dei to karta.

No skal det ikkje leggast skjul på at det andre selskapet ikkje var fullt så heldig med tolkinga si. Fig 46 viser den andre tolkinga, og vi har ingen vanskar med å slå fast at dei to tolkingane liknar svært lite på kvarandre. Dette skulle vere ein god illustrasjon av kor personleg prega ei slik tolking kan vere. Det bør likevel presiserast at den siste tolkinga gir seg ut for å kunne dra langt meir ut av anomalibildet enn det synest å vere grunnlag for.

Etterord

Magnetometri som hjelpemiddel ved oljeleiting, vart først tatt i bruk i midten av tjueåra. Den første tida vart resultata brukte på ein heller intuitiv måte, og det går mange historier om dei gode resultata som vart oppnådde på denne måten. Etter kvart som forståinga av det fysiske og geologiske grunnlaget for metoden auka, vart tolkingane sikrare og meir definitive. Magnetometriien heldt likevel på å misse ansikt som hjelpemiddel ved oljeleiting i slutten av trettiåra. Dette kom først og fremst av at mange prøvde å dra meir ut av målingane enn det var grunnlag for. Grunnfjellet vart f.eks. sett på som ei homogen eining med magnetisk kontrast mot sedimenta. Dette ført til at ein såg på magnetiske anomaliar som uttrykk for topografi i grunnfjellsoverflata. Dermed kunne ein finne sedimentære basseng under store negative anomaliar og plukke ut ryggar i grunnfjellet frå dei positive anomaliane. Det var berre *ein* liten hake ved desse tolkingane: Ved boring viste dei seg som oftast å vere jamngode med fri fantasi.

Gjennombrotet for magnetometriien kom for alvor like etter krigen med utviklinga av eit magnetometer som kunne brukast i fly. Ein kunne då dekke område av heilt andre dimensjonar enn det som var praktisk gjennomførleg ved bakkemålingar. Ein veldig måleaktivitet ga inspirasjon til nytenking også i tolkingsspørsmålet. Framsteget kom då det vart observert at teoretiske anomaliar frå vertikale prisme med stor utstrekning mot djupet likna svært mykje på dei anomaliane ein vanlegvis fekk ved flymåling over sedimentære basseng. Ein innsåg med andre ord at hosizontale variasjonar i grunnfjellet spela langt større rolle for det magnetiske bildet enn vertikale variasjonar.

Etter dette var ikkje vegen lang til å behandle alle større anomaliar som

om dei skreiv seg frå magnetiske prisme nede i grunnfjellet. Ved å samanlikne ein anomali med teoretiske anomaliar frå slike prisme kunne ein finne djupet ned til toppen av anomalialsaka, og dermed hadde ein sannsynlegvis eit punkt på grunnfjellsoverflata. Ei forsiktig konturering av alle djupbestemmingane i eit område ville då gi eit grovt bilde av form og storleik på eventuelle sedimentasjonsbasseng. Slike enkle tolkingar viste seg å vere svært gode i praksis.

Fram gjennom femtiåra vart det gjort ein del små forbeteringar i metodikken. Det viste seg mellom anna at ein til ein viss grad kunne plukke ut små anomaliar som skreiv seg frå strukturar i grunnfjellsoverflata, men denne delen av tolkinga var alltid langt meir usikker enn det generelle bildet.

Sekstiåra var dominerte av automatiske rek nemaskiner. Dette har ført eit nytt og viktig hjelphemiddel inn i tolkingsprosessen. Det har også ført ein ny type menneske inn i tolkingsarbeidet, folk som ikkje likar empiriske, «uvitenskaplege» og omtrentlege manuelle metodar. Dei må finne noe eksakt, noe som matematisk kan kallast «beste løysing». I farten synest dei å ha gloymt at det inverse potensialproblemet ikkje har nok ein tydig løysing. Dette kan føre oss attende til trettiåras mørketid med tolkingar som viser alle slag store og små skrukker i grunnfjellsoverflata, denne gongen kamuflert som «eksakte» løysingar frå store datamaskiner.

LITTERATUR

- Andreasen, G. E. & Zietz, I. 1969: Magnetic fields for a 4×6 prismatic model. U. S. Geol. Surv. Prof. Paper 666, 220 pp.
- Bloom, A. L. 1960: Optical pumping. *Sci. Am.* 203, nr. 4, 72—80.
- Jacobsen, P. 1961: An evaluation of basement depth determinations from airborne magnetometer data. *Geophysics* 26, 309—319 (+ 28, 491—492).
- Jensen, H. 1961: The airborne magnetometer. *Sci. Am.* 204, nr. 6, 151—162.
- Nettleton, L. L. 1971: *Elementary gravity and magnetics for geologists and seismologists*, SEG-Monograph nr. 1, 121 pp. Society of Exploration Geophysicists, Tulsa.
- Royer, G., Naudy, H., Thomas, J. & Dreyer, H. 1969: Recent development in the processing and interpretation of high sensitivity aeromagnetic data. *Compagnie Générale de Géophysique* 69—14, 21 pp.
- Vacquier, V., Steenland, N. C., Henderson, R. G. & Zietz, I. 1951: Interpretation of aeromagnetic maps. *Geol. Soc. Am. Memoir* 47, 151 pp.
- Åm, K. 1971: Magnetometri — nyttig hjelphemiddel ved oljeleiting. *Tekn. Ukeblad* 118, nr. 14, 27—30.
- Åm, K. 1972: The arbitrarily magnetized dyke: Interpretation by characteristics. *Geoexploration* 10, 63—90.